

## Vengeklipp ikkje Vestlandsrevyen

**Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane ber NRK stoppe omlegginga av distriktssendingane.  
Distriktsnyhende er viktige for lokal- og regionaldemokratiet og er kjernen i distriktsoppdraget til NRK.**

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane er uroa for kutta i sendetida til Vestlandsrevyen, og fryktar dette kan vere starten på ei nedlegging av distriktssendingane. Omlegginga svekker distriktskontora og samfunnsdebatten i distrikta. Ved å korte ned distriktssendingane frå nesten femten til fire minuttar, får sendinga heilt klart ein annan funksjon.

Høvet til å produsere distriktsnyhende med god kvalitet vert svekka i så korte sendingar. I ei tid med store strukturelle endringar har Vestlandsrevyen ei særstilling med nyhende frå både Sogn og Fjordane og Hordaland. Vestlandsrevyen står sterkt hos folk i fylket, og endringane har utløyst eit stort engasjement. NRK Sogn og Fjordane er kjende for å levere svært god kvalitet til fjernsyn og til andre viktige programpostar som «Der ingen ville tru at nokon kunne bu.» og «Sjå eg kan» og «Bli med heim».

Punkt 1 i NRK-plakaten understrekar at «*NRK skal understøtte og styrke demokratiet*». Vi treng nyhende for å fremme samfunnsdebatten, og vi treng lokalnyhende for å ha ein god samfunnsdebatt på lokalt- og regionalt nivå. Rolla NRK har som allmennkringkastar skal «*bidra til å fremme den offentlige samtalen og medvirke til at hele befolkningen får tilstrekkelig informasjon til å kunne være aktivt med i demokratiske prosesser.*»

Statskanalen har som mål at dei 15 distriktskontora skal levere 25 prosent av innhaldet i Dagsrevyen, og målet er at dei skal levere meir frå heile landet. Vi er redde for at distriktskontora med redusert sendeflate vil kome til å levere mindre stoff til rikskanalen, og at distriktssendingane ikkje greier å dekke det lokale behovet. I distriktssendingane vil folk høre om lokale saker, dei ynskjer å halde seg orienterte og danne seg ei mening om det som skjer. Sakene som når opp i Dagsrevyen, blir også ofte dekka av andre media.

Allmennkringkastinga skal ta vare på distriktsoppdraget og interessene til ulike samfunnsgrupper. Folk i området vårt treng distriktsnyhende for å følgje med i lokal og regional politikk og såleis delta i samfunnsdebatten. Distriktsnyhende skal gje ein meirverdi til hovudsendingane og gå i djupna på lokale forhold, som ikkje nødvendigvis er av nasjonal interesse, eller som når opp nasjonalt.

NRK kan gjerne vurdere Vestlandsrevyen si sendetid, men å halde lengda på sendinga på 10–15 min er avgjerande. Nyhendeformidling frå distrikta er viktig for samfunnsdebatten og demokratiet!